

Naturens og organismens tolegrense

Det er mykje som tyder på at vår menneskape aktivitet her på jorda ikkje er berekraftig, og at naturen slår tilbake med usentimental kraft: raske klimaendringar som har uventa konsekvensar, auke i sjukdomstilstandar som har relevans til både livsstil og miljø¹⁾, markant redusert sæd-kvalitet²⁾, sterk reduksjon i artsmangfald og pollinerande insekt³⁾, akkumulering av miljøgifter i ulike organismer⁴⁾ – for å nemna nokre synlege teikn.

Kva sa eg?

Av og til kan ein bli freista til å ropa ut høgt: kva var det eg sa – eller kva var det me sa, alle oss som er fødd med ein kanskje ubevisst sensitivitet når det gjeld naturens og organismens tolegrense. Me har ropt i årevis: kanskje det hadde vore lurt å bruka naturlege fibrar i standen for mikrofiber av olje-produkt⁵⁾, dyrka maten vår økologisk – eller tilnærma, ta vare på dyr og planter som har stadbundne kvalitet, bruka mindre antibiotika og heller nytta meir av kunnskapen som naturterapien sit på når det gjeld førebyggjande helse-tiltak og behandling, gje tvil til den offentlege medisinen si forståing av at lidinga her og nå er sjukdomen, at den er lokal og avgrensa i tid – og at

bruk av midlar/intervensjonar som primært motverkar eller dempar det lokale utslaget gjev betre helse på sikt, laga maten frå botnen av utan omfattande prosessering og bruk av konserverings-middel og andre tilsetningsstoff osb.

Forskinga og vitskapen stadfestar våre perspektiv.

Stadfesting

Mest kvar dag kan eg nå lesa at forskinga og vitskapen stadfestar våre perspektiv og forståinga av kompleksiteten i naturen og organismen – og at alt heng saman med alt. Me kunne ha trengt nokre kløningar av Greta Tintin Eleonora Ernman Thunberg! Det får ikkje hjelpa at krediteringa og æra kjem andre til gode. Det viktigaste er at me får til eit paradigmeskifte som gjer at både natur og menneske finn tilbake til ein balanse som er berekraftig.

Me kunne ha trengt nokre kløningar av Greta Tintin Eleonora Ernman Thunberg!

Likevel, som Greta Thunberg, kan eg til tider blir forbanna og oppgitt av å bli neglisjert – spesielt av politikarar som ikkje har klart å orientera seg i andre retningar enn det dei har fått servert gjennom det offentlege kompromissverket av godt betalte helsebyråkratar og av skeptikarpropagandaen sine generelle karakteristikkar av den naturterapeutiske behandlingstradisjonen.

Eg trur ikkje våre rop har vore forgjeves. Dei har berre ikkje vore høge nok til å skapa kollektive endringar. Difor har kompromissløyseringar blitt ein del av kvardagen – for oss alle. Den kollektive skulda må me alle bera.

Kompleksitet og terapi

Kompleksiteten når det gjeld årsaksforhold, set krav om at me ikkje bør ha einsidige fokus. Innanfor det terapeutiske feltet, vil dette handla om å ikkje ty til tabloide tendensar i behandling av kroniske tilstandar (både små og store), og som ofte kan føra til lett-

vinte løysingar der kvar og ein rir sine terapeutiske kjepphestar. Avhengig av terapiform, utdanning og terapeutisk fokus, vil terapeuten sjølv sagt fokusera på det som vedkomande har utvikla som sitt behandlingsskonsept. Motivet for eit slikt fokus kan vera reint fagleg fundert, men kan i mange tilfelle også vera styrt av økonomiske vurderingar ut ifrå eit medvit om at raske konklusjonar framført med brei pensel gjev både makt og pondus og dermed ei sterkare lojalitetsbinding. Eg seier ikkje det er galt å tena pengar til sitt daglege brød, men eg trur det kan vera nyttig for bransjen å tenkja gjennom ein del etiske problemstillingar knyta opp til ein slik praksis.

Det me ikkje ser

Rekylen av miljøbelastningar me nå opplever, kan forast tilbake til den industrielle revolusjonen. Optimismen var utan

grenser og motivasjonen var edel nok: menneske skulle fri seg frå naturens luner og gje gode liv utan sut for morgondagen.

Den digitale tida me nå lever i, postulerer også det grenselause når det gjeld kommunikasjonsnirvana og kva gleder dette vil gje. Skal me i denne rusen, oppleve det same som før: ei neglisjering av skadeeffekt knyta til ein slik aktivitet – fordi ingen politikar vågar å koma på kant med globale pengemaskinar? ⁶⁾ Ropa er her, og dei er mange, men er det nokon som høyrer på dei sensitive og millionar av ungdom som har bytta ut den verkelege verda med den digitale/virtuelle og snur døgnnet opp ned? ⁷⁾

Aristoteles, Bacon og Descartes

Aristoteles fremja synet om at naturen utvikla seg ut i frå eit formål (formålsårsaker), og der kvar ting eller organisme hadde sin eigenverdi. Harmoni og balanse mellom dei ulike elementa var sentrale omgrep i filosofien hans.

Renessansemenneska Bacon og Descartes forkasta mykje av tankegodset hans, til fordel for eit meir reduksjonistisk syn på naturen og mennesket. Idealet var ikkje mennesket sin harmoni med kosmos, men dominans over naturen.

Naturen sitt usentimentale symptomspråk, tyder på at tida er inne til å laga ein syntese av Aristoteles og Bacon/Descartes sitt tankegods.

Naturen sitt usentimentale symptomspråk, tyder på at tida er inne til å laga ein syntese av Aristoteles og Bacon/Descartes sitt tankegods.

Sjå til naturterapien

Og vona er at helsepolitikarar skal innsjå at denne syntesen inneber at den seriøse delen av naturterapien blir ein del av det totale helsevesenet, med rimelege rammevilkår for den som har sitt yrke i denne behandlingstradisjonen.

Naturterapien har alltid vore her, og kjem alltid til å bli her! Bruk oss!! ■



1) <https://nhi.no/livsstil/egenomsorg/livsstilssykdommer/>
 2) <https://www.nottingham.ac.uk/news/pressreleases/2019/mar/chemical-pollutants-in-the-home-degrade-fertility-in-both-men-and-dogs-study-finds.aspx>
 3) <https://forskning.no/biologisk-mangfold-insekter-naturvern/forskere-frykter-katastrofal-kollaps-i-naturens-okosystemer/1292722>
 4) <https://framsenteret.no/2019/03/kort-oppsummering-av-resultatene-fra-forskningen-i-flaggskipet-miljogifter-i-2018/>
 5) <https://forskning.no/forbruk-oslomet-partner/klaerne-dine-pavirker-miljoet-mer-enn-du-tror/288890>
 6) <https://forskning.no/om-forskning-teknologi/vet-vi-nok-om-hvordan-mobilnettverk-pavirker-helse-og-natur/1322870>
 7) <https://www.aftenposten.no/norge/i/QmoEQ/digital-avhengighet-er-som-alkoholisme>